



# Sund Sokneblad

**Nr. 1**  
13. februar 2019  
Årg. 88

## Konfirmantleir på Fjell-ly



Årets konfirmantleir gjekk av stabelen midt i januar på Fjell-ly. Gjengen i år er på 66 konfirman-  
tar, og stemninga var høg frå første stund! Dei var saman frå fredag til sundag i eit godt fellesskap  
med ulike aktivitetar, gøy underhaldning og ei klar forkynning av evangeliet om Jesus Kristus. På  
sundagskvelden deltok dei på kveldsgudstenesta i Sund kyrkje med m.a. lesing av tekstar og bønner.  
Ein del bønner hadde nokre av konfirmantane sjølve skrive på leiren.

side 4-5

## Årsmelding

Midt i bladet finn du denne  
gongen årsmeldinga for Sund  
sokn for 2018. Den viser kva  
som vart gjort i kyrkjelyden i  
løpet av fjordåret.

## 4-årsbok

4-åringane i kommunen fekk  
utdelt 4-årsboka i gudstenesta  
i Sund kyrkje 3. februar.

side 7

## Prosjektkoret

Eit prosjektkor vart starta sist  
haust, og i Kausland kyrkje  
var dei med på å syngja jula  
inn saman med Stjerneko-  
ret og Betweenkoret.

side 17

## Julekonsert

Sund Blandakor skipa til  
julekonsert i Sund kyrkje før  
jul saman med Sund Brass og  
Sund Toraderklubb.

side 18

## Jul på Gullfaks B

Medan vi feirer jul er det  
enkelte som må vera på jobb.  
Slik var det med enkelte  
sundsokningar som var på  
Gullfaks B på julekvelden.

side 19

## Kvardagsomsorg

Torbjørn Fjøren snakka om  
kvardagsomsorg i lokalsam-  
funnet då han vitja føremid-  
dagstreffet i Kykjekjellaren i  
januar.

sistesida

## Pastoralt perspektiv

### Gud er på ferde!

Har du tenkt på dette: Når vi gjer ei god gjerning mot vår neste, så er det GUD som er på ferde!

Slik forstår Martin Luther vårt kristne liv i verda. Og dermed hjelper han oss med å få perspektiv på kvardagen vår. Gjennom dåp og tru vert vi alle heilaggjorte, og dermed har vi alle del i kallet om å leva det heilage livet i verda der kvar enkelt er sett til å leva. Dermed skal vi, på Guds vegne, få gje kvarandre det vi treng til livets opphald. Og vi skal få rekna det som «ei teneste stor for Gud»!

Når ei mor gjev barnet sitt bryst, når ein baker lagar brød, og når ein øvrighetsperson styrer samfunnet – då er det ifølge Luther – GUD som er på ferde. Han skjuler seg bak masker som t.d. mor, baker og øvrighet - der mennesker utfører det kall dei er sett til. Og i dette perspektivet så har vi ALLE ei teneste for Gud – til beste for vår neste!

Og dermed er heller ikkje verken prestekallet eller munkekallet å rekna som eit høgare kall enn det å vera baker eller mor. Det som det kjem an på er om vi er trufaste i det arbeidet som gagnar vår neste. Og slik får vår kvardagsteneste ein dimensjon som både kan og bør stimulera vår flid og vår kreativitet. Vårt ærlege arbeid skal oppfylla den guddommelege standard som nettopp ligg i det å vera kalla av Gud!

Eg trur ein slik kalls-etikk vil kunne få store konsekvensar i vår kyrkjelyd, men også i samfunnslivet generelt. Det å ha eit slikt mandat og ein slik himmel over vår kvardag, gjer noko med oss, og dermed også med vår neste som skal få nytta godt av vår teneste!

Forhåpentlegvis vil difor både kyrkje- og samfunnsliv bli fornya gjennom at vi tar Martin Luther på ordet og realiserer hans forståing av kristenlivet i verda.

Lat oss difor slutta med å tenkja smått om vår kvardagsteneste, og i staden syngja med Matias Orheim frå 1908: «Eg har ei teneste stor for Gud frå dag til dag i det stille, der kvardagskleda vert høgtidsskrud og livsens småting så gilde... Så er mi teneste stor for Gud, og heimen han er mi kyrkje, der arbeidstrøya er presteskrud i alt mitt ærlege yrke...» (Norsk salmebok 424)

Kjell-Asle Børnes

## Velkomen til gudsteneste

### 17. februar – Sámannssøndag – Matt 13,24-30

SUND kyrkje kl 18:00 Bønevandrings-gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd

Takkoffer: Bibelselskapet

Song: *Betweeneskoret*

### 24. februar – Kristi forklåringsdag – Luk 9,28-36

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 03. mars – Fastelavnssøndag – Luk 18,31-34

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 10. mars – 1. søndag i fastetida – Matt 26,36-45

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Israelsmisjonen

### 17. mars – 2. søndag i fastetida – Luk 13,22-30

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd

Takkoffer: Blå Kors

SØNDAGSSKULE!

### 24. mars – Maria bodskapsdag – Luk 1,39-45

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster.

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

### 31. mars – 4. søndag i fastetida – Luk 22,28-34

SUND kyrkje kl 18:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.

Nattverd

Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

### 07. april – 5. søndag i fastetida – Joh 6,24-36

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.

Dåp og Nattverd

Takkoffer: Bibelskolen (Bildøy)

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er høve til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

**Kyrkjestyss - Indre Sund**

Kontaktperson: Arne Dávøy - tlf. 56 33 94 27

Som kjent går det mot samanslåing av fellesråda i sokna i Sund, Fjell og Øygarden i samband med samanslåinga av kommunane. Difor tar vi med nokre saker som førebels gjeld berre for Fjell kommune.

## Nye stolar i Foldnes kyrkje

I romjula vart golvet i Foldnes kyrkje bona og vaska, og på nyttårsaftan vart 500 nye, flotte, komfortable stolar sett på plass. Etter 18 år med flittig bruk var mange av dei gamle stolane øydelagde og modne for utskifting. Dei nye stolane vart kjøpte inn etter ein anbudsprosess der åtte leverandørar kom med tilbod. Svartdahl Design AS vann konkurransen med stolen «Faktor» som er produsert av Fyresdal tre. Det er Fjell kommune som har finansiert stolkjøpet med 1,5 millionar kroner.



## Landro gravplass

Arbeidet med å utvide Landro gravplass har starta. I starten vil ein arbeide med vegen som ligg inntil den nye gravplassen. Det er Fjell kommune som har ansvar for planlegging, finansiering og bygging på vegne av Fjell kyrkjelege fellesråd. Det vert 840 graver på den nye gravplassen, av dette ca. 300 urnegraver og 40 graver for andre trussamfunn. Arbeidet skal vere ferdig hausten 2019.

## Diakoniutval og diakoniplan i Sund

I løpet av våren vil Soknerådet prøva å få i gang eit diakoniutval. Utvalet skal vera med å planlegge diakoniarbeidet i Sund sokn. Målet er å skape fokus på diakonien og på sikt få utarbeida ein diakoniplan for heile kyrkjelyden.

Diakoniutvalet skal sjå på kva diakonalt arbeid vi held på med i dag og kva vi ynskjer å satse på framover utifrå den kyrkjelyden vi er og dei ressursane vi har.

Diakoniutvalet vil også vera ei støtte for diakoniarbeider si teneste og vil vera med å utvikle arbeidet vidare. Utvalet foreslår prioriteringar og tiltak, og vert ein rådgjevar for Soknerådet innanfor diakoni.

Noko av det diakonale arbeidet i kyrkjelyden per i dag er myldredag, betweensklubb, formiddagstreff, lovsongskveldar, smågrupper, sorggrupper, frivillig fest, strikkekafe, julemesse og Vårmarknad m.m. I tillegg kjem den litt usynlege kvardagsdiakonien, som vi ikkje må undervurdere, der den enkelte bryr seg og inkluderer andre menneske, står opp for dei svake, vernar om skaparverket og viser nestekjærleik.

Vi er i prosess med å spørje folk om å stille i utvalet og har ynskje om å få til ein diakoniplan i løpet av ein to-årsperiode.

### Litt om kva diakoni er:

Diakonien blir ofte kalla kyrkja sitt omsorgsarbeid.

Visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja er «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste».

Den nasjonale planen for diakoni (2008) definerer diakonien såleis: «Diakonien er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd».

**Myldredag i Sund kyrkje**

Middag - bibelfortelling aktivitetet - song  
Kyrkjekjellaren  
klokka 17.00-19.00

5. mars  
2. april  
7. mai

Alle generasjonar er velkomne!

DEN NORSKE KYRKJA

**Myldredag i kyrkjelydshuset på Kausland**

Middag - bibelfortelling aktivitetet - song  
Kyrkjelydshuset  
klokka 17.00-19.00

27. mars  
24. april  
22. mai

Alle generasjonar er velkomne!

DEN NORSKE KYRKJA

**Korøving i Sund kyrkje**

12. og 26. mars  
9. og 30. april  
14. og 28. mai (avslutning)

Nye og gamle medlemmer er velkomne!

**STJERNEKORET**  
(frå 4 år-3. klasse)  
øver klokka 17.30-18.30

**BETWEENSKORET**  
(frå 4. klasse og oppover)  
øver klokka 18.30-19.30

DEN NORSKE KYRKJA



## Konfirmantleiren på Fjell-ly

Årets konfirmantleir gjekk, tradisjonen tru, av stabelen midt i januar på Fjell-ly, og blei – også tradisjonen tru – heilt konge! Gjengen i år er på 66 konfirmantar, og stemninga var høg frå første stund! Vi var saman frå fredag til sundag i eit godt fellesskap med ulike aktivitetar, gøy underhaldning og ei klar forkyning av evangeliet om Jesus Kristus.

### Fredag

I seks-tida på fredag ettermiddag stod vi klare, eit flott leiar-team, til å ta imot ungdomane. Ikkje få var spente då dei kom, på kven dei skulle dele rom saman med – slike ting kan som kjent vere avgjerande.

Etter ein god kveldsmat, med mykje

eting og svært mykje livleg prat, var det tid for kveldssamling. I år var vi så heldige å få besøk av Andreas Gravdal. Han kallar seg sjølv «anti-couch». Andreas snakka om sjølvbiletet vårt, om kor viktig det er å ikkje måle verdien vår ut ifrå kva vi presterer, men sjå at vi er gode nok i sjølv – i den vi er.

Seinare på kvelden var det duka for den tradisjonsrike fly-stol-leiken! Alle måtte vere med, både unge og vaksne! Det var knyta spenning til korleis særleg presten ville gripe an denne kampen. Han har hatt det med å gå inn i stolleiken med full tyngde og engasjement. Konfirmantar har floge veggimellom! Men etter intens tevling var det til slutt Emil Thormodsen Høyland som gjekk av med sigeren.

Kveldane blei avslutta med ei lita samling med song, bøn og eit kort andaktsord.

### Laurdag

Laurdagen var prega av god stemning og ein fin blanding av fritid og program. Vi hadde bibeltimar på morgonane der tema var frelsa – at Gud sjølv, gjennom Jesus Kristus si lidning og død for våre synder, har ordna opp for oss så vi kan få tilgjeving for syndene våre og ha fellesskap med Gud.

Når det ikkje var program, kunne leirstaden by på ein fin gymsal og eit fritidsrom med biljard, fotballspel og bordtennis. Elles fekk alle vere med på tur ut i det friske vinterværet, bowling, anti-mobbe-seminar samt Mesternes mester-konkurransen.

På laurdagskvelden fekk vi besøk av





## Kveldsgudsteneste etter leiren

På søndag 20. januar var det dukka for kveldsgudsteneste i Sund kyrkje, der konfirmantane skulle delta med ulike oppgåver. (Dei var tidlegare på dagen blitt henta etter leir på Fjell-ly.)

Nokre gjorde praktiske oppgåver, som å ynskje velkomen i døra, dele ut program og kveike lys, medan andre las Bibel-ord og bønner. På leiren hadde ei handfull konfirmantar sett seg ned og laga bønner som skulle bedast i gudstenesta. Ungdomane las desse opp, og forsamlinga slutta seg til dei i bøn til Gud.

Årets konfirmantar er ein song-glad gjeng, og saman med forsongar-team og band reiste songen seg til store høgder!

Kjell-Asle førte vidare i preika si undervisninga frå leiren og tala om kven Jesus eigentleg er.

*Dag Reidmar Pettersen*



## Kven eig grunnen?

I arbeidet med å slå saman kommunar og kyrkjelege fellesråd følger eigedommane med på lasset. I Klokkarvik eig Opplysningsvesenets Fond omtrent all grunn under kyrkja og gravplassen. Kyrkja eig ikkje grunnen og kan ikkje føreta seg noko i området. Kyrkjeverja har ei større eigedomssak gåande med Opplysningsvesenets Fond for overføring. Kva dette vil koste er førebels uklart. Fellesrådet fekk i møte 31.1. ei orientering om arbeidet.

Ruben Gazki! Han kallar seg «svindlar med stil» og viste oss kor sjukt hjernen vår kan bli lurt og manipulert til å tru at vi ser noko heilt anna enn det som er verkeleg! Fascinerande! Konfirmantane og leiarane hadde også underhaldning, med morsame og stilige innslag!

### Sundag

Sundagen bar preg både av at vi skulle reisa heim og at konfirmantane skulle delta på ulikt vis på kveldsgudsteneste i Sund kyrkje på kvelden.

Konfirmantleiren blei ei minneverdig helg på mange måtar også i år, og ungdomane bidrog til at leiren hadde eit godt og positivt miljø. Tusen takk for ei fin helg!

Og tusen takk til alle de foreldre som var nattevaktar så vi leiarar kunne få sove!

*Dag Reidmar Pettersen*

ALLE FOTO FRÅ LEIREN OG GUDSTENESTA:  
HAROLD TRELLEVIK M.FL.



# Det som er viktigare...

Vi nærmar oss FASTETIDA. Kva skal no eigentleg den vera godt for?

For mange av oss er det sikkert lurt å bruka fastetida til å bli kvitt nokre kilo. Men desse vekene handlar om mykje meir enn slanking! Og kanskje er MARIA (søster til Marta og Lasarus) vår beste lærermeister om fastetida...

Då Jesus kom inn i huset deira, let Maria husarbeidet og kjøkkentenesta liggja. Ho *prioriterte* å lytta til Jesu ord. Ja, det er som om Maria seier: Viss ein skal venta til det passar, så passar det berre i teorien. I praksis passar det aldri! Difor må det *prioritering* til! Og Jesus gir henne tommel opp, og seier: «Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne». (Luk 10,42)

Og fastetida handlar nettopp om dette: Kva skal stå på 1. plass, 2. plass, 3. plass...?

Ja, desse vekene før påske handlar om å *forsaka* noko (som i og for seg er ok), til fordel for noko som er *viktigare*. Slik handlar faste om å *snevrå inn* synsfeltet for å kunne *fokusera*... Det handlar om å *skru ned* tempoet og *skru av* mobiltelefonen for å søkja *konsentrasjon*... Og det handlar om å gjera opp *status*, og spørja: Kva er livsviktige *verdier* for oss...?

Dermed er ikkje faste meint å skulle vera nokre veker med sjølvplaging (sjølv om det å skru ned tempoet og skru av mobiltelefonen kan sitja langt inne for mange av oss).

Desse vekene før påske kan i staden verta ei god øving i *frigjeri* frå det som lenge har hindra det gode livet med kvarandre og med Gud!

I Bibelen finn vi eksempel på at eit heilt *folk* blir kalla til faste som ledd i fornyelsen av Gudsforholdet. Og vi finn altså eksempel på at enkeltmenneske prioriterer bort daglegdagse syslar (ting som i og for seg er heilt ok) til fordel for det å lytta til Jesus.

Ja, slik er det! Vi må av og til velgja bort noko for å få tid og rom for *det som er viktigare*.

## Andakten

Måtte difor fastetida bli ei tid der vi prioriterer «den gode delen»!

Og framfor alt: Måtte fastetida få vera ei *forebuingstid*, der vi følgjer Jesus på vegen mot Jerusalem! Vi treng advent før jul, og vi treng faste før påske - slik at vi er på «rett kanal» når Jesus set seg på eselfolen og rir inn i Jerusalem. Det vil eg få med meg! For Jesus kjem jo til oss nettopp med fridom og det gode Livet...

GOD FASTETID!

Kjell-Asle Børnes

Sotra Omegn  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 4, 5353 Straume  
( samme hus som Ligningskontoret )

Du kan ringja Kirkens SOS heile døgeret, tlf. 22 40 00 40  
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

Bergen Omegn  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden    Espen Polden    Heine Polden    Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA  
2. etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



GRAVMINNER

Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
www.lovaasnaturstein.no

# Bibelbok til 4-åringane



Her ser vi ein del av 4-åringane (saman med foreldre) som var i Sund kyrkje søndag 3. februar. Då fekk dei utdelt «Bibelboka mi», ei gåve frå kyrkjelyden. Boka inneheld tekstar og songar, og under preika trekte presten fram ei av forteljningane som står i boka. Det var diakoniarbeidar Hildegunn B. Myklebust som delte ut boka etter først å ha fortalt litt om kva ho inneheld. (Tekst/foto: Olai Otterå)

## Valkurs for sokneråd og nominasjonskomitear



Det er kyrkjeval i 2019, og det er mykje arbeid som skal gjerast før valet og under valet.

Onsdag 23. januar var nærare 50 representantar for sokneråda i Vesthordland prosti (Fjell, Sund, Øygarden og Askøy) til stades på eit valkurs i regi av Bjørgvin bispedø-

me. Samlinga var i Foldnes kyrkje. Her fekk ein innsikt i valreglar og praktiske tilhøve kring gjennomføringa av valet. Den norske kyrkja har ei omfattande valordning, omtrent tilsvarande valordninga for kommune- og fylkestingsval.

Det er det enkelte sokneråd som er valstyre og som har ansvaret for gjennomføringa

av valet. Til gjennomføringa får dei god støtte frå kyrkjeadministrasjonen. I 2019 er det val til sokneråd og bispedømeråd. I neste nummer av Sund Sokneblad vil det vere ein større omtale av kyrkjevalet.

Olav Martin Vik

FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

## Handrekke på Kausland kyrkje



Det er montert handrekke ved hovuddøra på Kausland kyrkje. For eldre menneske og andre kan det vere godt å ha noko å halde seg i når ein skal gå ned trappa. Kostnaden med handrekka er dekkja ved bruk av midlar som kom inn på vårmarknaden i Kausland i 2018.

## Årsmøte

Kyrkjelyden sitt årsmøte vert i Sund kyrkje søndag 17. mars etter gudstenesta kl. 11.00.

Program:

- Informasjon om arbeidet i 2018 (årsmelding)
- Informasjon om kyrkjevalet i 2019
- Samtale om arbeidet i soknet

Sund sokneråd  
Brynhild Enerhaug  
Leiar

## Kyrkjevalet 2019

Det er kyrkjeval i 2019. Dagar for val er lik kommune- og fylkestingsvalet. Nokre stadar er det val både søndag og måndag. Valdagen hos oss er måndag 9. september. Sokneråda som er valstyre for kyrkjevalet lokalt arbeider med å peike ut nominasjonskomitear som skal finne kandidatlar til soknerådsvalet.

På valdagen vert det høve til å røyste i lokale som ligg i nærleiken til kommune- og fylkestingsvalet.

I kommande nummer av kyrkjebladet vert det gitt meir informasjon om førehandsrøysting, kandidatlar, manntal m.m.

Olav Martin Vik

# Året 2019 og samanslåing av kyrkjelege fellesråd

Året 2019 er året då fellesrådsområda Fjell, Sund og Øygarden vert slått saman og får namnet Øygarden kyrkjelege fellesråd. Det nye valde fellesrådet trer i funksjon 1.12.2019, men så er det ei overgangsordning for sjølve verksemda i desember 2019.

TEKST: KYRKJEVERJE OG PROSJEKTLEIAR OLAV MARTIN VIK

## Først – kva er eit kyrkjeleg fellesråd

Dei kyrkjelege fellesråda skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver på vegne av sokna, utarbeide planar for kyrkjeleg verksemd i kommunen, fremme samarbeid mellom sokneråda samt ivareta deira interesser i høve til kommunen. Rådet har m.a. ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjer og gravplassar, samt arbeidsgivaransvar for tilsette i kyrkjelege stillingar utanom sokneprestane. Kyrkjeleg fellesråd skal ha ein dagleg leiar (kyrkjeverje) for verksemda.

## Sokna består – men formell samanslåing av sokna i Øygarden

Det er ingen endring i soknegrensene som følgje av kommunesamanslåinga. I dagens Øygarden vert Hjelme sokn og Blomvåg sokn no formelt slått saman til eitt sokn med namnet Hjelme og Blomvåg sokn. Bispedømerådet har no godkjent dette. Samanslåinga får verknad for kyrkjevalet i 2019. Det har i mange år vore eit såkalla samanslått sokneråd som ei etablert prøveordning etter godkjenning frå departementet.

## Kyrkjeleg samanslåing er i rute – vedtak er fatta

Samanslåinga av fellesråda følgjer dei same spelereglane som kommunesamanslåinga. Kyrkjeleg samanslåing er i rute. Den kyrkjelege fellesnemnda gjorde vedtak 4.12.2018 om organisering og lokalisering av det nye fellesrådet. I kommande nummer av kyrkjebladet vil me informere meir konkret om kva dette betyr for kyrkja sitt arbeid i den nye kommunen.

## Seksjonar

Verksemda vert organisert i seksjonar. Desse seksjonane har fått namnet: administrasjon, kyrkjer og gravplassar, kyrkjemusikk, barn og unge og diakoni. Seksjonane vert leia av ein seksjonsleiar. Seksjonsleiarane har starta arbeidet med å organisere sine seksjonar på tvers av dagens fellesrådsgrenser. Dette vil medføre at våre medarbeidarar allereie utover ettervinteren og våren vil merke samanslåinga meir konkret fordi mykje må samordnast.

Informasjon om samanslåing av fellesråda finn ein på [www.kyrkja.no/nyeoygarden](http://www.kyrkja.no/nyeoygarden)

## Dette er seksjonsleiarane i det nye fellesrådet:



**Borghild Hustad Berge**

Administrasjon og ass. kyrkjeverje



**Norvald Snekkevik**

Kyrkjer og gravplassar



**Olav Sørheim**

Kyrkjemusikk



**Rannveig Vestbøstad Vik (konst.)**

Barn og unge



**Torbjørn Fjøren**

Diakoni





Kantor Irina Tarasova tok initiativet til å laga eit prosjektkor som kunne vera med å syngja jula inn i Kausland kyrkje. Slik såg koret ut.

## Prosjektkor song jula inn i Kausland kyrkje

Eit heilt nytt prosjektkor var med å syngja jula inn i Kausland kyrkje søndag 16. desember. Nokre av medlemene kjente vi att frå Sangkompaniet, men prosjektkoret hadde auka med fleire personar i høvet det.

Så hadde dei med seg den yngre garde i Stjernekolet og Betweenekolet, og til saman bidrog desse tre kora til mykje fin julemusikk.

Då dei fire adventslysa vart tente, var det Stjernekolet og Betweenekolet som var forsongarar. Seinare fekk vi høyra prosjektkoret og Betweenekolet syngja i lag, og vi fekk ei eiga avdeling med prosjektkoret. Og Stjernekolet og Betweenekolet hadde òg ei lita avdeling der dei m.a. song «Julekveldsvisa».

Undervegs var det sjølvstøtt høve for kyrkjelyden å vera med på songen.

Innimellom all songen vart det òg tid til å høyra juleevangeliet og få med seg ein andakt ved Kjell-Asle Børnes. Og så vart sjølvstøtt det heile avslutta med «Deilig er jorden».



Olai Otterå

Stjernekolet og Betweenekolet var òg med på å syngja jula inn i Kausland kyrkje.



*Det var Sund Blandkor som skipa til denne julekonserten i Sund kyrkje. Koret tel mange medlemmer, så berre ein del av dei er med på dette biletet.*

## Julekonsert med Sund Blandakor



*Sund Brass hadde både ei eiga avdeling og spelte til eit par av allsongane.*



*Toraderklubben varta ikkje opp med julemusikk, men fint var det likevel å høyra på dei.*

Sund Blandakor hadde fått med seg både Sund Brass og Sund Toraderklubb då dei innbaud til julekonsert i Sund kyrkje 10. desember. Såleis blei det rikeleg av både song og musikk denne kvelden.

Mange hadde funne vegen til Sund kyrkje for å vera med på konserten, ja kanskje til og med fleire enn arrangøren hadde rekna med. Men ei fin stund vart det i alle høve med mange kjende julesongar og fin musikk.

Sund Blandakor, som altså stod som arrangør av konserten, hadde sett av to avdelingar til seg sjølv med julesongar både på norsk og engelsk, og på fleire av songane hadde dei òg soloinnslag, som t.d. Lillian Rong Selstø i «Det hev ei rose sprunge» og Nils Hummelsund i «Long December Night». Ein song hadde Sund Blandakor urpremiere på denne kvelden. Det var «I stjernas led» som var arrangert av dirigenten sjølv, Ann Jorun Hillersøy.

Både Sund Toraderklubb og Sund Brass hadde eigne avdelingar. Toraderklubben hadde fire melodiar på programmet. Ingen av desse hadde noko med jula å gjere, men det var likevel fint å høyra kor flinke dei er.

Sund Brass hadde òg ei avdeling med fire songar. Ein av melodiane deira var ein som har vorte svært godt kjent etter kvart, songen «Ei stjerne skinner i natt». Sund Brass spelte òg til fleire av allsongane denne kvelden.

*Olai Otterå*

# Nabolagssøndagskule - ei samling for born i nærmiljøet

Tenk å få vera barn og koma heim frå skulen til nokon som ventar på deg og venene dine med mat, Barnas (Søndagsskulebladet) og ein hobbyaktivitet! Nokre trygge leiarar som vil bli kjent med deg gjennom måltid og prat. Dei les andakten og bibelforteljingane frå Barnas til deg, og etterpå held de på med ein hobbyaktivitet saman. Relasjonane blir tryggare og sterkare, og dette blir eit høgdepunkt i kvardagen.

## Kjære forelder, besteforelder eller nabo!

Har du lyst å vera med på ei overkommeleg oppgåve der de er to leiarar som samlar 5-7 born frå 4-10 år annakvar veke. Der de skaper eit fellesskap og byggjer relasjonar blant borna i nabolaget. Der malen er omtrent som skissert under:

- Møtest 2 timar anna kvar veke, vekedag eller helg
- Vi har eit måltid saman; gjerne brødmåltid
- Etterpå set vi oss rundt eit bord og les andakten saman, ber bøna som står i Barnas og les teiknserien som er ei Bibelforteljing! Kanskje tenner vi eit lys kvar. Alle får Barnas med seg heim
- Aktivitet. Her kan ein velje aktivitet etter det som passar gruppa og leiarane. Det kan til dømes vera fotball, strikking, lego, teikning, maling osv. Du kan ha same aktivitet kvar gong.

Soknerådet har vedteke at vi skal fokusera på slike barnegrupper, nabolagssøndagskule, framover. Håpar mange har lyst å bli med å bety noko for borna våre på denne måten.

Ynskjer du å engasjere deg eller få meir informasjon? Ta kontakt med diakoniarbeider Hildegunn B. Myklebust, mobil 47707698



Frå venstre: Harold Trellevik, Anette Aspevik og Joar Glesnes. Foto: Privat

## Jul på Gullfaks B

Når folk flest samlar seg for å feira jul rundt om i norske heimar, er det nokon som må vera på jobb. På oljeinstallasjonane vest i havet er det «business as usual» heile året, natt og dag. Mange frå soknet vårt har arbeidet sitt på desse installasjonane. Denne julehelga var tre sundsokningar på Gullfaks B. Dei fortel at dei veit om dette lang tid i førevegen, så det går greitt. Sjølv sagt hadde det vore kjekt å vera heime, men med moderne kommunikasjonsmidlar er det mogleg å ha god kontakt.

Operatørselskapa legg til rette med julepynt, god mat og ulike arrangement.

Julekvelden tek folk på seg finstasen for eit fellesskap rundt middagen og samlinga etterpå.

Kvart år prøver Sjømannskyrkja å senda utsendingar til alle dei installasjonane som ynskjer det. I tillegg til dei faste prestane, blir diakonar, kateketar, andre kyrkeleg tilsette, lekfolk, studentar og pensjonistar sendt ut for å dekke behovet. Og dei er etterspurd. Dei bidreg gjerne med ei enkel julegudsteneste, kort andakt, leiar julesongar, lesar juleevangeliet eller er tilgjengeleg som samtalepartnar.

Harold Trellevik

## Trådlaust nett i Kausland

Det er installert trådlaust nett i Kausland kyrkje. Nettet er ope for allment bruk for besøkande. Det trådlause nettet skal dekke behovet for ei fullsett kyrkje. Kostnaden er dekkja ved bruk av midlar som kom inn på vårmærknaden i Kausland i 2018.

## Areal for framtidig gravplassutviding i Klokkarvik

Kommunen reviderer kommuneplanen, og i den samanheng har kommunen og kyrkjevjerja sett på areal for framtidig utviding av gravplassen i Klokkarvik. Etter kvart vert den reviderte kommuneplanen sendt på høyring.

## Vedlikehald av orgla

I møte 31.1. handsama kyrkjeleg fellesråd i Sund ei sak om vedlikehald av orgla i Kausland kyrkje og Sund kyrkje. Førebels overslag viser at vedlikehald av orglet i Sund kyrkje vil koste rundt 250 000 kroner og for Kausland kyrkje rundt 70 000 kroner. Dette er pengar kyrkjeleg fellesråd per i dag ikkje har. Orgla kan ikkje stemmast for sjølve vedlikehaldet er gjennomført. Fellesrådet har bedt kyrkjevjerja melde inn til kommunen behovet for reparasjon av orgla.

## Tårntaket må reparerast

Det vart oppdaga ei laus skiferhelle på tårntaket på Kausland kyrkje. Eit nærare ettersyn av taket viser eit stort og omfattande vedlikehaldsbehov. Også denne saka var til handsaming i kyrkjeleg fellesråd 31.1.2019. Fellesrådet ber kyrkjevjerja melde inn til Sund kommune behovet for reparasjon av tårntaket.

## Between-klubb

Vil du bli med på klubb?

Vi møtest

19. februar  
19. mars  
23. april  
21. mai  
Klokka 17.30-19.30

i Sund kyrkje,  
kyrkjekjellaren.

Frå 4. klasse  
og oppover.

Leikar  
aktivitetar  
Bibelen  
kveldsmat

Velkommen,  
og ta gjerne med ein venn!

 DEN NORSKE KYRKJA

## Onsdagstreffa

Det blir onsdagstreff også i vårsemesteret. Det held til på *Aktivitetssenteret* i Skogsskiftet og tek til kl. 11.00. Her blir det både god mat og underhaldning.

### Datoar:

Onsdag 6. mars  
Onsdag 3. april  
Onsdag 8. mai  
Onsdag 5. juni

## Søndagsskule

Vi møtest i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje klokka 11.15 til ca. 12.00 (gudstenesta byrjar kl. 11.00)

### Datoar:

17. mars  
19. mai  
02. juni

Barn i alle aldrar er velkomne!

## Føremiddagstreffa

Serien med føremiddagstreff i vekselvis *Kyrkjekjellaren* i Klokkarvik og *Kyrkelydshuset på Kausland* held fram utover våren, den siste ondagen i månaden og tek til kl. 11.30. På føremiddagstreffa har ein alltid ein felles lunsj før ein slepp til ein invitert gjest som snakkar om eit eller anna tema. Førebels er ikkje gjestane og temaa for heile vårsemesteret klart, men datoane er klare.

**27.02 Kausland kl. 11.30**

Gjest: Kjell-Asle Børnes

Tema: *Velsigninga - til velsigning*

**27.03 Kyrkjekjellaren kl. 11.30**

Gjest og tema ikkje klart

**24.04 Kausland kl. 11.30**

Gjest: Solfrid Nikolaisen

Tema: *Arbeidet på fiskarheimen på Røst*

**29.05 Kyrkjekjellaren kl. 11.30**

Gjest og tema ikkje klart

## DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



**SUND APOTEK**  
Tlf. 56 33 88 80

**SUND SOLSTUDIO**



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

**BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER  
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK  
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO**



Via **INTERFLORA**  
formidlar vi blomstrar  
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt  
i binderi til fødsel, dåp,  
konfirmasjon, bryllaup,  
gebursdagar og gravferder -  
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader  
i Fjell og Sund.

### Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

**Tif.: 56 33 90 13**

Faks: 56 33 93 01



Dåp

## Kyrkja inviterer til dåp! Men invitasjonen kjem ikkje lenger i postkassa.

I mange år har kyrkja fått fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemar i Den norske kyrkja har fått barn. Det er det no slutt på, på grunn av ny personvernlov.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste. Dei fleste barn blir døypte når dei er omlag tre månader.

For avtale om dåp i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, ta kontakt med kyrkjekontoret i Sund på telefon 56 31 90 80 eller e-post: [kyrkjekontoret@sund.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@sund.kommune.no)



**DEN NORSKE KYRKJA**

Sund kyrkjelyd

## Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

### Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

### Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

**KIRKENS**  
**SOS**

## Vil du vere med?

**Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?**

**Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?**

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,  
kyrkjevertoppgåver eller  
kaffivertoppgåver.

**Vi vil gjerne ha deg med!**

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil **477 07 698** eller på e-post: [hildegunn.bornes@sund.kommune.no](mailto:hildegunn.bornes@sund.kommune.no)

## PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag  
kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-  
kontor: **56 31 90 80**

## Nettside

### Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkje-lydane i Sund. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

[www.kyrkja.no/sund](http://www.kyrkja.no/sund)

## GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




**KJØL STENINDUSTRI AS**

6490 EIDE



**Sund  
Bok**



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG  
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

## Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

**Velkommen du òg!**

## Døpte

### 06.01 Kausland kyrkje

Olav Kolltveit Arefjord  
Frida Kroksveen-Hjelle

### 03.02 Sund kyrkje

Magnus Huffhammer  
Ole Gunnar Finnsrud Skoge  
(stadfesting av dåp)

## Vårmarknad

### i Kausland kyrkjelydshus

lørdag 27. april kl 1400.

Vi prøver i år òg! Samstundes vil vi seia stor takk for all støtte og velvilje vi har blitt møtt med tidlegare år, m.a. med hjelp til loddosal, og for dei mange gevinstante vi har fått.

Vi håpar på god respons i år òg.

Inntekta går til ungdomsarbeidet i Sund kyrkjelyd.

Helsing marknadskomiteen

## Gravlagde

### 06.12 Kausland kyrkje

Gulcie Irene Tortorella,  
f. 1927

### 13.12 Kausland kyrkje

Wenke Berit Fjeldkårstad,  
f. 1943

### 21.12 Kausland kyrkje

Gerhard Midttveit, f. 1941

### 03.01 Kausland kyrkje

Kjell Bjarne Kallestad, f. 1942

### 04.01 Kausland kyrkje

Signe Tollefsen, f. 1933

### 22.01 Sund kyrkje

Harry Alfred Kroken, f. 1940

### 24.01 Kausland kyrkje

Asbjørg Telle, f. 1933  
(bisetjing)

### 05.02 Kausland kyrkje

Magne Jostein Eide, f. 1946  
(bisetjing)

### Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

### Ynskje om dåp

Frå 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Òg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalor med opplæring. For unge som ikkje er døpte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

**Solstrands**  
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 hele døgnet**

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE  
GRAVFERD



DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjekontoret i Sund

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag ..... kl. 09.00 - 14.00

Onsdag ..... kl. 11.00 - 14.00

**Telefon sentralbord ..... 56 31 90 80**

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje  
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

Postadresse: Sund Sokneråd  
Kyrkjevegen 30  
5378 Klokkarvik

### Administrasjon

Olav Martin Vik ..... 93 26 44 00  
kyrkjevevjerje

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang ..... 56 31 90 80  
kontorleiar

E-post: tove.solvang@sund.kommune.no

### Soknepresten

Kjell-Asle Børnes ..... 48 00 26 97  
sokneprest

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

### Stab

Irina Tarasova ..... 47 45 06 06  
kantor

E-post: irina\_piano\_84@mail.ru

irina.piano.84@gmail.com

Hildegunn Børnes Myklebust ..... 47 70 76 98  
diakonimedarbeidar

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen ..... 47 70 79 52  
trusopplærar

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland ..... 47 71 66 93  
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes ..... 90 36 75 47  
kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

### Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug ..... 90 08 00 96  
soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

**Sund**  
**Sokneblad**

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,  
5378 Klokkarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

### Redaksjon:

Olai Otterå ..... 928 93 057

### E-post:

sund.sokneblad@bkkfiber.no

### Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950

# Kvardagsomsorg i lokalsamfunnet



*Torbjørn Fjøren snakka om kvardagsomsorg i lokalsamfunnet då han var gjest på føremiddagstreffet i januar.*

- Vi er forskjellige og har forskjellige behov, men det vi alle treng i kvardagen er

- at nokon ser oss
- å bli elska, at noko er glad i oss

Det sa Torbjørn Fjøren, diakon i Fjell, då han var gjest på føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i slutten av januar. Temaet hans var «Kvardagsomsorg i lokalsamfunnet».

Men ofte er det slik at vi vil greie oss sjølve. Vi vil ikkje be nokon om hjelp om vi t.d. har sviktande helse og gjerne har bruk for hjelp. Særleg i vanskelege periodar er det godt at nokon ser oss, tar kontakt og spør korleis det går.

Torbjørn Fjøren fortalde at han i jobben sin har vore mykje i kontakt med folk i sorg som strevar og har tunge dagar. Når gravferda er over, går livet vidare. Det er då dei treng omsorg, men vi gløymer det. Når ein er blitt åleine, blir ein gjerne ikkje invitert på same måte som då ein var to. Her nemnde han faren sin som døme som ikkje vart så ofte beden som dei gjorde då kona levde.

Han trekte òg fram sin eigen familie der det har vore sjukdom inne i biletet. Eit år etter ein operasjon og det stunda til jul, var det smått med kreftene til å få

baka noko til jul. Då var det flott at dei fekk tilsendt matvarer frå Molde, der dei hadde budd før, og ei bibelgruppe i Fjell hugsar på dei med julekaker. - Dette betydde mykje for oss, fortalde Fjøren.

Mange er utrygge på kva ein t.d. skal seie til nokon som har det vanskeleg. - Kanskje vi ikkje treng å seia så mykje, sa Fjøren. - Men vi kan lytta, og vi kan vera ei skulder som ein kan gråta mot. Vi kan ikkje ta bort sorga eller smerta, men vi kan gå saman med dei som strevar slik at dei ser oss og sjølve føler seg sett.

Han nemnde òg ei sjuk dame som sa: Tenk om nokon hadde ringt og tilbode meg hjelp. No var det gjerne ho som måtte ringa og be om hjelp.

Ein annan gong hadde Fjøren vore på Sartor og kjøpt ein bukett roser. På veg ut snakka han med ein heroinmisbrukar som selde Megafon. Fjøren hadde då gjeve han ei av rosene i buketten. Seinare, då han kom tilbake til blomsterbutikken, fortalde dei om heroinmisbrukaren som hadde kome springande med blomsten og lurt på om dei kunne pakka han inn. Blomsten hadde altså betydd mykje for vedkomande, han hadde blitt sett.

*Olai Otterå*



## Bli med på **PROSJEKTKOR**

I samarbeid med  
Øygardskoret og  
Sotra Reviderte syng vi

## Visst skal våren komme

**Øving i Sund kyrkje**  
tysdagar kl 19.30 – 21.30  
12.02; 26.02; 12.03

**Generalprøve  
i Fjell kyrkje**  
tysdagar kl 19.00 – 21.30  
26.03; 02.04

## Framføring:

6. april kl 17.00  
i Sund kyrkje

7. april kl 19.00  
i Blomvåg kyrkje

## Påmelding:

E-post:  
[irina.piano.84@gmail.com](mailto:irina.piano.84@gmail.com)

SMS:  
474 50 606

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 15

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 27. mars